



Alle på vedlagte adresseliste

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **04 SEPT 2008**
Vår ref.: NVE 200704420-5 kti/ebth
Arkiv: 312/041.B
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Eirik Bjerke Thorsen
22 95 93 80

Håfoss kraftverk AS - Søknad om bygging av Håfoss kraftverk i Etneelva, Etne kommune, Hordaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Håfoss kraftverk AS om løyve til bygging av Håfoss kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg. Etnevassdraget vart verna mot kraftutbygging i Verneplan IV (1991-92). NVE kan gje løyve til ei avgrensa kraftutbygging i verna vassdrag dersom verneverdiane i vassdraget ikkje vert påverka.

Kraftverket vil få ei røyrgate på ca. 30 meter mellom inntak på kote 47,7 og avlaup på kote 37. Brutto fallhøgde vert 10,7 meter. Største slukeevne er på 8,2 m³/s, noko som svarar til om lag 62 % av berekna medelvassføring. Kraftverket vil gi ein årleg produksjon på ca. 4,3 GWh.

Søknaden vert handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/smaakraft, den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Om papirutgåve av søknaden er ynskjeleg, kan ein kontakte sakshandsamar på telefon 22 92 93 80.

Vi ber Etne kommune om å leggje ut to eksemplar av søknaden så snart som mogleg til offentleg gjennomsyn på Etne Tenestetorg. Søknaden skal ligge til offentleg gjennomsyn til og med den **30. november 2008**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, låanst ut for kortare tid (2-3 dagar), medan det andre eksemplaret ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjon som forklarar sakshandsaminga frå søknaden vert sendt ut på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva tilbakemelding vi ynskjer. NVE føretrekkjer at fråsegna sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft eller per e-post til nve@nve.no innan 30. november 2008.



Fråsegna kan og sendast til NVE, konsesjons- og tilsynsavdelinga, postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Fråsegna, eller deler av fråsegna, vert referert i et endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast.

Med helsing

A handwritten signature in black ink.

Øystein Grundt
sekjonssjef

A handwritten signature in black ink.

Eirik Bjerke Thorsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: Søknad, adresseliste, informasjonsark og kopi av kunngjeringstekst

Kopi: Håfoss kraftverk AS v/Steinar Grindheim, Grindheim, 5590 Etne



Adresseliste for: Offentleg høyring av søknad om konsesjon for Håfoss kraftverk

Behandlast etter: Vassressursloven

Blir kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing ein gang: Grannar og Haugesunds Avis

Ant. søkn	Kunngjøring og info ark	Navn/adresse
3	1	Etne kommune, Postboks 54, 5591 Etne
	1	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
	1	Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
	1	Statens vegvesen, Region vest, Postboks Askedalen 4, 6863 Leikanger
	1	Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim
	1	Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
	1	NJFF Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 Bergen
	1	Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland. Boks 280, 5751 Odda
	1	Etne elektrisitetslag, Nyvoll, 5590 Etne
4	4	Internt (RV-ias, EMR-shs, VAS-ssm, KTD-ehy)

- KUNNGJØRING -

Etne kommune – søknad om bygging av Håfoss kraftverk i Etneelva

NVE har motteke ein søknad frå Håfoss kraftverk AS om løyve til kraftutbygging i Etneelva i Etne kommune. Etnevassdraget vart verna mot kraftutbygging i Verneplan IV (1991-1992). NVE kan gje løyve til ei avgrensa kraftutbygging i verna vassdrag dersom verneverdiane i vassdraget ikkje vert påverka.

Det søkast om å utnytte eit fall på 10,7 meter, mellom kotane 47,7 og 37. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på $8,2 \text{ m}^3/\text{s}$, noko som tilsvarar om lag 62 % av medelvassføringa som er ca. $13,3 \text{ m}^3/\text{s}$. Berekna årleg produksjon er 4,3 GWh.

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova og vert handsama i samsvar med reglane i kap. 3 i same lov. Søknaden er lagt ut for offentleg gjennomsyn på Etne Tenestetorg fram til 30. november. Søknaden er også tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/smaakraft. Om papirutgåve av søknaden er ynskjeleg, ta kontakt med sakshandsamar på telefon 22 95 93 80.

NVE føretrekker at fråsegsa sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogleg og seinast innan 30. november 2008. I tillegg er det mogleg å sende fråsegsa pr. e-post til nve@nve.no eller pr. post til: NVE, Konsesjons- og tilsynsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.



RUTINER FOR SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSLOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

NVE har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjelder kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve og rettar seg mot høyringsinstansane med føremål å gi ein samla oversikt over kva som er ønskeleg at vert lagt vekt på i fråsegn frå dei offentlege forvaltningsorgana.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/smaakraft når saka vert send på høyring.

NVE sender samstundes høyringsbrevet til dei kommunane, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK) og interesseorganisasjonar som saka vedkjem, ev. òg til statlege forvalningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentleg kontor der den kan studerast, ev. lånaast. Vedlagte adresseliste viser kva høyringsinstansar som mottar høyringsbrevet.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga. Som eit ledd i handsaminga følgjar ei synfaring der dei som har uttala seg inviterast til å delta.

Ved ei totalvurdering av saka står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådst og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev konsesjon, kan det knytast vilkår til dette, jf. vrl. § 26. Vilkåra kan omfatte reglar om byggjefristar, reguleringshøgder, vasslepping, godkjenning av planer m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, fornminne og sanksjonsbestemmingar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan pålagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspent overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynte konsesjonar samstundes med at vassressurslovsaka er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Det er ynskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ynskjer òg grunngitte forslag til avbøtende tiltak som kan redusere skadene ved gjennomføring av planane, òg forslag til ev. vilkår.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessene.

FM bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk og miljø (til dømes biologisk mangfold). FK bør tilsvarannde legge vekt på kulturminne.

Vi føretrekker at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft. I tillegg er det mogleg å sende fråsegner per post, NVE, postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no.